



## Referat frå programstyremøte for spansk språk og latinamerikastudium

**Dato:** 15. mai 2024

**Sted:** rom 326, HF-bygget

**Tidspunkt:** kl. 12.15-14.00

*Til stede: Synnøve Ones Rosales (fagkoordinator), Miguel Angel Quesada Pacheco, Xavier Llovet Villa, Åse Johnsen, Kari Soriano Salkjelsvik, Silje Krogh Aarebrot (studentrepresentant) og Robert Graff Bakkevold (sekretær/studiekonsulent)*

*Meldt forfall: Belinda Munoz Solheim (studentrepresentant), Claudia Mihaela Kvamme og Kristine Seljemoen.*

### Saksliste

#### 10/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Godkjent

#### 11/24 Godkjenning av [referat fra programstyremøtet den 7. februar 2024](#)

Godkjent

#### 12/24 Til orientering:

##### 1. Fagkoordinator vil orientere styret om stillingssituasjonen

Miguel (professor i språk) vil gå av med pensjon i mai 2025. Stillinga skulle egentleg vore erstatta over bemanningsplanen, men det vart i staden for føreslått å erstatte den med fem undervisarar i faget (i ulike prosent, totalt 120 %) som er løna over IF sitt driftsbudsjett. Med fråfall av framtidige inntekter vart det i samråd mellom fakultet og institutt føreslått å flytte tilsette frå driftsbudsjettet til bemanningsplanen frå og med juli 2025. Majoriteten av programstyrets medlemmer har uttrykt sterk misnøye til forslaget.

Fakultetsstyret stemde for forslaget den 7. mai og dei som var løna på driftsbudsjettet vil no få tilbod av fakultetet om reviderte arbeidsavtaler, og arbeidsoppgåvene vil verte utforma av instituttet. Vedtaket gjer at faget mister forskning innanfor spansk språk som



følger med i ei fast vitenskapleg stilling (førsteamanuensis/professor), samt rettleiarkompetanse på master og ph.d.-nivå.

Synnøve møtte med instituttleder den 14. mai. Martin Paulsen beklaga då for kor raskt saka hadde vore handsama i ulike organ og slik forbigått fagmiljøet. Paulsen lovet å oppdatere fagkoordinator om resultatane frå kartleggingssamtalene med dei fem undervisarane som no vil få tilbod om reviderte arbeidsavtaler. Det vil også bli haldt eit fellesmøte med alle tilsette på faget og Paulsen i starten av haustsemesteret 2024.

Synnøve gjorde reie for planlegginga av undervisninga i tida framover. Kari og Ernesto skal ha forskingsfri våren 2025. Frå og med hausten 2025 har faget med lektorprogrammet fått ansvar for fleire studiepoeng. Då vert det vanskeleg å satse vidare på emne på nett og styret har fått i oppgåve å diskutere temaet meir grundig til hausten.

Saka om bemanning førte også til ein samtale om og vilja til å søkje på nye midlar lik det som har vore tilfelle for KfK-ordninga. Kunnskapsdepartementet har allereie meldt at det vil kome ei liknande utlysing i nær framtid.

## 2. *Søkjartal frå Samordna opptak, lokalt masteropptak og KfK.*

Styret tok tala til etterretning og merka seg at tala skulle ha vore betre for bachelor- og masterprogrammet. Styret er kjend med at mange søkjarar fell i frå fram til august. Samstundes var det gode tal for PPU-spansk (14 søkarar) og til KfK-emnet.

## 3. *Om studiestartsuka*

Onsdag den 14. august skal faget ta imot nye bachelorstudentar. Studiekonsulent vil kome tilbake med tid og rom. Møte med masterstudentane skal gå føre seg torsdag eller fredag same veke.

13/24

## **Arrangere ei oppstartsamling for studentane om hausten?**

*Fagkoordinator ber styret diskutere moglegheita for å arrangere en oppstartsamling for å styrke fagkjensla på tvers av kull og program, samt bidra positivt på gjennomføringa: når, korleis og kva skal skje? Kven kan bidra?*



Styret diskuterte saka og kom fram til ein plan om å invitere alle som studerer spansk (BA, MA og enkeltemnestudentar) til eit møte i september. Synnøve vil søkje IF om stønad til pizza og brus. Styret har som mål å gjere det til ei fast hending kvart semester og vil samkøyre arbeidet med eit fagutval når eit slik utval er på plass.

## 14/24 Forslag til endringar i emneomtalar

*Tre vedtakssaker som vil tre i kraft frå og med våren 2025:*

### SPANDI301

*Xavier Llovet Villa har lagt frem forslag til endringar (vedlagt).*

Det kom forslag om å presisere det å: «ha levert/presentert eit førsteutkast». Styret godkjente forslaget med presiseringa.

### SPLA314

*Synnøve Ones Rosales har lagt frem forslag til endringar (vedlagt).*

Det kom forslag om å fjerne «mars». Studentane skal ikkje lenger starte semesteret med SPLA314, men i staden avslutte semesteret med SPLA314. Det kom også forslag om å stryke setninga om frist for å søke om disiplin i januar. Styret godkjente forslaget med presiseringar.

### SPLA315

*Synnøve Ones Rosales har lagt frem forslag til endringar (vedlagt). Saken vart også diskutert på førre møte (sak 07/24).*

Styret godkjente forslag til endringar.

*Ei vedtakssak som vil tre i kraft frå og med hausten 2025:*

### SPLA312

*Kari Soriano Salkjelsvik har lagt frem forslag til endringar (vedlagt).*

Styret vart einig om å stryke saka og vil ta temaet for endringa opp igjen til hausten.



15/24

## Eventuelt

Sak frå Synnøve:

1. Griegakademiet vil halde ein spanskdag den 8. november. Synnøve vil møte med dem, og avklare rammer for eit fagleg bidrag. Det har vore gjort noko liknande mellom Griegakademiet og fagmiljøet på japanskfaget.

Saker frå Xavier:

2. Robert Korz (Norpart)

Xavier har mottatt eit «Letter of commitment». Det var fleire spørsmål til innhaldet i brevet og Korz kjem etter alt å døme til å måtte sende eit nytt utkast. Styret ønsket også å kople på Helge Bjørlo i arbeidet med å få på plass ein avtale.

3. Xavier har forhandla fram ein mogleg Erasmus-avtale med Universitat de Barcelona. Ein slik avtale vil vere viktig for planen om å sende lektorstudentar ut på utveksling i åttande semester. Ansvarleg frå Barcelona, Miquel Robert Ferrer, vil vere i Bergen i mai og møte med Kristin Torp Skogedal og studiekonsulent. Han vert også invitert til cafécito den 22. mai. Alt arbeid med å stable på plass avtale vil skje med hjelp frå studieadministrasjonen på IF.
4. El Colegio De Mexico

15.05.2024/RGB